

Tømmerrenna ved Dalsfossen —



Biletet syner fossen litt ned for Dale bru i Øystre Slidre i 1914. Ein ser brua i bakgrunnen, og stabbe-steinane etter vegen på nordsida av brua til vinstre på biletet. På nordsida er også kvendarenna for

vatnet som driv kvednakallen ved Dale mølle.

Men det som gjer biletet mest interessant, er tømmerrenna på sørsida av fossen, til høgre. Denne renna var bygd fyrst på dette hundreåret. Det gjekk då føre seg timberdrift i skogane etter vassdraget like frå Øyangen. Dalsfossen var neppe brukbar til timberfløyting. Fossen har eit fall på 50 meter og tømmerrenna var omtrent 300 meter lang. Dei som var smågutar då, kan hugse ho var i

bruk. Dei hugsar at stokkane gjekk fortare enn vatnet, og at dei tok vatnet med eit «mageplask» nede i dalbotnen. Tømmerrenna vart seinare seld til neddriving til Erik Robøle.

Biletet er lånt av Knut Dahle Skjel. Det var morbror til Knut, Torstein Skjel, som tok biletet då han var heimatt ein tur frå Amerika i 1914, og biletet er sendt derifrå.

B.D.